



TILLEGGSSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 16.09.2020
Møtetid: Kl. 16:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

I byrjinga a møtet vil Bjørnefjorden landbrukskontor halda ein presentasjon.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
062/2020	19/455	Bruk av ekstratilskot i 2020 til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur	
063/2020	20/131	Kjøp av branntankbil	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 19/455	Løpenr: 20/6823
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	030/2020
Kommunestyret	16.09.2020	062/2020

Bruk av ekstratilskot i 2020 til vedlikehold, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i kommunestyremøte 16.09.2020:

- 1) Skifte av utvendig tak, Reistadliane 39 (det gamle barnehagebygget i Nordbygda), kr. 430 000.
- 2) Ventilasjon på ungdomsskolen. Samla kostnad for dette tiltaket vil vera om lag 1 mnok. Kr 670 000 av denne kostnaden vert finansiert av ekstratilskotet som kommunen har fått. Den resterande kostnaden på om lag kr 330 000 vert finansiert av gjenstående investeringsmidlar til bygg, avsett i budsjettet for 2020 (om lag kr 350 000).

03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte avdelingsleiar teknisk drift, Nils Jonny Skar, om saka og bakgrunnen for administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) stilte spørsmål om møtet burde lukkast under den vidare handsaminga av denne saka. Møtet vart lukka medan formannskapet drøfta dette spørsmålet. Møtet vart opna igjen før formannskapet røysta over spørsmålet om lukking av møtet. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under den vidare handsaminga av saka, med heimel i kommunelova § 11-5, andre ledd.

Knut Harald Frøland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Formannskapet ber om at det til kommunestyret sitt møte 16.09.2020 vert lagt fram meir informasjon om bakgrunnen for rådmannen sitt framlegg, eventuelle alternative løysingar og eventuelt alternativt framlegg til vedtak."

Knut Harald Frøland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 030/2020 Vedtak:

Formannskapet ber om at det til kommunestyret sitt møte 16.09.2020 vert lagt fram meir informasjon om bakgrunnen for rådmannen sitt framlegg, eventuelle alternative løysingar og eventuelt alternativt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i formannskapsmøte 03.09.2020:

Ekstratilskotet på 1,1 millionar kroner som kommunen har fått i revidert nasjonalbudsjett 2020 vert disponert som følgjer:

1. Skifte av utvendig tak, nytt ventilasjonsanlegg og ombygging av el-tavle Reistadliane 39 (det gamle barnehagebygget i Nordbygda), kr 780 000, som følgje av nødvendig bruksendring til omsorgsbustad/utleigebustad.
2. Ventilasjon på ungdomsskulen. Samla kostnad for dette tiltaket vil vera ca. 1 million kroner. Kr. 320 000 av denne kostnaden vert finansiert av ekstratilskotet som kommunen har fått. Den resterande kostnaden på ca. 680 000 kroner vert finansiert av gjenstående investeringsmidlar til bygg avsett i budsjettet for 2020 (ca. 400 000 kroner) og omdisponering av unytta midla til opprusting av kommunale vegar som ligg inne i teknisk drift sitt investeringsbudsjett for 2020 (280 000 kroner).

Eventuelle restmidlar skal disponerast til utskifting av takvindauge på arbeidsrom på ungdomsskulen.

Dokument som er vedlagt:

Ny vurdering forut kommunestyremøte 16.09.2020

Tilstandsrapport kommunehuset

Tilstandsrapport ungdomsskulen

Tilstandsrapport symjehallbygget

Følgjeskriv tilstandsrapportar kommunehuset og ungdomsskulen

Utdrag frå rundskriv frå regjeringa om revidert nasjonalbudsjett 2020 m.m

Kva saka gjeld:

I revidert nasjonalbudsjett 2020 har Samnanger kommune fått 1,1 millionar kroner i ekstra tilskot til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Dette er eit av dei såkalla koronatiltaka frå styresmaktene. Føremålet med tilskotet er å medverka til auka aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, og dessutan å henta inn noko av vedlikehaldsetterslepet i kommunane.

Dette er eit eingongstilskot for 2020. Midlane må verta brukte på prosjekt som startar opp i 2020, det vil seia at kontrakt med entreprenør må inngåast i 2020. Midlane skal bli brukt til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtekne prosjekt, i kommunen sitt opphavlege, vedtekne budsjett for 2020. Midlane skal ikkje gå til investeringar i nybygg/nyanlegg, bortsett frå mindre investeringar som ikkje i vesentleg grad fortreng andre vedlikehalds- og rehabiliteringsprosjet. Tilskotet kan ikkje brukast til lønn for noverande tilsette i kommunen.

Det er behov for at kommunestyret gjer vedtak om korleis ekstratilskotet på 1,1 millionar kroner skal brukast. I og med at midlane må brukast på prosjekt som kan starta opp i 2020, er det behov for at kommunestyret gjer vedtak i septembermøtet.

Gjennomgang av relevante saker og vedtak i kommunestyret og formannskapet

Både kommunestyret og formannskapet har hausten 2019 og første halvår 2020 handsama fleire saker som gjeld vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Det er òg

gjort fleire politiske vedtak, der administrasjonen mellom anna har fått i oppgåve å leggja fram forslag til prioritering av tiltak. Administrasjonen ser no desse sakene i samanheng med denne saka om korleis ekstratilskotet på 1,1 millionar kroner skal brukast.

Nedanfor følgjer ei oversikt over relevante vedtak i kommunestyret og formannskapet hausten 2019 og våren 2020:

Organ/utval	Møtedato	Saknr.	Sakstittel og vedtak
Kommunestyret	05.12.19	095/19	<p><i>Vedlikehald - Ungdomsskulen, Kommunehuset og brannstasjonen</i></p> <p>Kommunestyret vedtok at administrasjonen skal leggja fram ei eiga sak om brannstasjon i første halvår 2020. Det vart vidare vedteke at større rehabilitering av ungdomsskulen vert sett på vent til ein moglegheitsstudie for 1-10-skule, barnehage m.m. er gjennomført (frist 01.06.2020).</p> <p>Status pr. d.d. er at administrasjonen av kapasitetsmessige årsaker ikkje har lagt fram verken eiga sak om brannstasjon eller moglegheitsstudie. Ingen av desse sakene vil heller bli lagt fram i kommunestyret sitt septembermøte 2020.</p>
Kommunestyret	05.12.20	096/19	<p><i>Budsjett og økonomiplan 2020-2023</i></p> <p>Kommunestyret vedtok mellom anna at administrasjonen i første halvår 2020 skal fremja ei sak med framlegg til montering av heis eller tilsvarande i kommunehuset. Det vart òg vedteke at det skal gjennomførast ei ekstern tilstandsvurdering av ungdomsskulen og kommunehuset.</p>
Kommunestyret	05.03.20	009/20	<p><i>Tilleggsøyving til leikeapparat på uteområdet til barneskulen</i></p> <p>Kommunestyret vedtok å løyva 75 000 kroner. Administrasjonen fekk i oppgåve å utarbeida ein plan for uteområdet og tiltak, og leggja denne fram i formannskapet 28.05.2020 med ein tiltaksplan.</p> <p>Saka vart ikkje lagt fram i formannskapet 28.05.2020 eller i kommunestyret i juni, av kapasitetsmessige årsaker. Det vart i kommunestyremøtet 11.06.2020 gitt ei orientering om status i saka, som svar på interpellasjon frå Ove Totland (Bl).</p>
Formannskapet	28.05.2020	020/20 og 021/20	<p><i>Heis på kommunehuset (020/20) og Tilstandsrapport ungdomsskulen og kommunehuset</i></p> <p>I formannskapet 28.05.2020 var det oppe både sak om heis på kommunehuset (sak 020/20) og sak om tilstandsrapport ungdomsskulen og kommunehuset (sak 021/20).</p> <p>Formannskapet vedtok ei tilråding til kommunestyret om at alternativ med plattformheis i eksisterande heissjakt vert alternativet å arbeida vidare med, og at prosjektet skal finansierast ved bruk av disposisjonsfondet. Kostnaden var anslått til 550 000 kroner.</p> <p>Formannskapet vedtok òg i sak 020/20 at det til kommunestyremøtet 11.06.2020 skulle leggjast inn ei vurdering av TG3-punkta i tilstandsrapportane for kommunehuset og ungdomsskulen og ei prioritering av</p>

			<p>desse.</p> <p>I sak 021/20 vedtok formannskapet ei tilråding til kommunestyret om at alle funn i tilstandsrapportane som er definert under TG3 blir prioritert utbetra.</p> <p>Ingen av desse to sakene kom opp i kommunestyremøtet 11.06.2020.</p>
Kommunestyret	11.06.2020	036/20	<p><i>Finansiering av investeringstiltak i kyrkjene</i></p> <p>Kommunestyret vedtok å løyva midlar til to tiltak (restfinansiering av straumforsyningsanlegg og el-tavle, samt nytt lydanlegg på Ådland). Det var òg vedteke at andre tiltak som kyrkja ønskjer, vert vurderte i september saman med andre kommunale investeringar.</p>

Vurderingar og konsekvensar:

Tilskotsmidlane på 1,1 millionar kroner kan i utgangspunktet brukast i kva som helst av kommunen sine bygningar/anlegg/vegar, også i kyrkjebygga. Behovet for ekstramidlar til vedlikehald er til saman langt høgare enn 1,1 millionar kroner, så det vil vera nødvendig å prioritera mellom aktuelle tiltak.

I kommunen sitt investeringsbudsjett for 2020 er det løyvd 600 000 kroner (eks. mva) til investeringstiltak ansvar 4202 (Eigedom). Desse midlane kan eventuelt sjåast i samanheng med dei ekstra tilskotsmidlane på 1,1 millionar kroner som kommunen no har fått. Pr. i dag er om lag 400 000 kroner av løyvinga på investeringsbudsjettet på ansvar 4202 ikkje brukt.

I investeringsbudsjettet for 2020 ligg det også midlar til opprusting av kommunale vegar (1,25 millionar kroner). Nokre av opprustingstiltaka som var planlagt gjennomført i 2020 er enno ikkje kome i gang, og kan utsetjast til 2021. Det vil då vera mogleg å omdisponera noko av desse midlane til andre tiltak.

Eining for samfunnsutvikling v/teknisk drift har forslått følgjande prioritering av bruk av tilskotsmidlane på 1,1 millionar kroner:

1. Skifte av utvendig tak, ny ventilasjon og ombygging av el-tavle i det gamle barnehagebygget i Nordbygda (Reistadliane 39). Dette bygget er i dag definert som eit undervisningsbygg, men det er no behov for å gjera bygget om til omsorgsbustad/utleigebustad. Denne endringa er vurdert og sterkt tilrådd av ekstern fagkompetanse. Det er i samband med dette behov for både vedlikehald og oppgraderingar i bygget. Teknisk drift har innhenta prisar, og samla kostnad for nødvendige tiltak vil vera ca. **780 000 kroner**. Det er lekkasje i taket, som må skiftast. Ved bruksendringa av bygget kjem TEK 17 inn, og det vil då vera krav om nytt ventilasjonsanlegg. Straummålarane i bygget må skiftast ut slik at forbruket vert skilt på kvar bueining.
2. Ventilasjon på ungdomsskulen. Teknisk drift henta inn pris på dette i 2019 (ferdig installert ventilasjonsanlegg inkl. el-arbeid), og fekk då pristilbod på ca. **1 million kroner**. Dersom tiltak 1. ovanfor skal gjennomførast, vil det berre stå att om lag 320 000 kroner til ventilasjon på ungdomsskulen. I tillegg vil gjenståande investeringsmidlar til bygg som er avsett i budsjettet for 2020 (ca. 400 000 kroner) kunne brukast. Det vil då framleis mangla om lag 280 000 kroner, og administrasjonen foreslår at dette vert finansiert ved omdisponering av investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar i 2020.
3. Utsifting av Velux takvindauge på arbeidsrom på ungdomsskulen. Kostnad for dette tiltaket vil vera om lag **120 000 kroner**.

Punkt 2 og 3 ovanfor er førte opp som såkalla TG3-punkt i tilstandsrapporten for ungdomsskulen som firmaet Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. utarbeidde vinteren/våren 2020. Sjå nærmare informasjon om dette lenger nede i saksframlegget.

Andre tiltak som teknisk drift ser som viktige å gjennomføra er:

- Utsifting av PCB-vindauge i administrasjonsbygget i Vassloppa barnehage, ca. 220 000 kroner.
- Oppgradering av uteområde på barneskulen. Det vil vera nødvendig med ca. 200 000 kroner i tillegg til dei 75 000 kronene som allereie er løyvd.
- Plattformheis på kommunehuset. Kostnad for heis som dekkar tre etasjar er anslått til ca. 550 000 kroner. Dersom heisen skal dekkja fire etasjar (d.v.s. også kjellaretasjen der det gamle folkebiblioteket låg), vil kostnaden auka til om lag 660 000 kroner. Me viser her til eiga sak om heis på kommunehuset.

Tilstandsrapportar for kommunehuset og ungdomsskulen

Tilstandsrapportar for ungdomsskulen og kommunehuset vart utarbeidde av firmaet Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. vinteren/våren 2020. Eit TG3-avvik er i rapporten definert som «*Tilstandsgrad 3: Kraftige symptomer (også sammenbrudd og total funksjonssvikt)*».

Eining for samfunnsutvikling har etter formannskapsmøtet 28.05.2020 bedt Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. om ei ny vurdering utfrå gjeldande krav i byggeåret for bygga på ungdomsskulen og kommunehuset. Firmaet har på bakgrunn av dette utarbeidd eit følgeskriv til tilstandsrapporten. Følgeskrivet følgjer som vedlegg til dette saksframlegget. Det går der fram at tilstandsrapportane vart utarbeidd med dagens gjeldande regelverk (TEK 17) som referansenivå, ikkje med byggeåret sine reglar som referansenivå. Dei fleste TG3-punkta i tilstandsrapporten vil slik administrasjonen forstår det, først verta gjeldande dersom det skal utførast søknadspliktige inngrep i bygga.

Nedanfor følgjer oversikt over TG3-punkta i tilstandsrapportane for ungdomsskulen og kommunehuset.

Tilstandsrapport for kommunehuset

Under punktet Konklusjon (side 4 i rapporten) går det fram at bygget har store manglar på lovpålagte krav til universell utforming, brann, luftkvalitet og el-anlegg.

TG3-punkt i tilstandsrapporten for kommunehuset, basert på TEK 17
Vindauge og dører - TG3 for pleksiglas i trapperom og manglande branneigenskapar på dører.
Takkonstruksjon - TG3 for manglande brannseksjonering.
Diverse utstyr - TG3 for manglande heis.
Brann og sikkerheit - TG3 for manglande brannsikkerheit. Gjeld mellom anna manglande brannvarslingsanlegg, manglande ledelys, mangelfull branncelleoppdeling og manglande rømmingsplan.

Administrasjonen er overraska over at manglar med ventilasjonen på kommunehuset ikkje er eit TG3-punkt i tilstandsrapporten, jf. det som står under Konklusjon på side 4 i rapporten. Dårleg ventilasjon har i mange år vore eit stort arbeidsmiljøproblem for tilsette på kommunehuset.

Tilstandsrapport for ungdomsskulen (bygget frå 1963)

TG3-punkt i tilstandsrapporten for ungdomsskulen, basert på TEK 17

Vindauge og dører - TG3 for manglende branncelledører og Welux-vindauge.

VVS - TG3 på grunn av manglar ved ventilasjon.

Brann og sikkerheit - TG3 for manglende brannsikkerheit. Gjeld mellom anna manglende brannvarslingsanlegg, manglende ledelys, mangelfull branncelleoppdeling og manglende rømmingsplan.

*Tilstandsrapport for symjehallbygget på ungdomsskulen (bygget frå 1971)***TG3-punkt i tilstandsrapporten for symjehallbygget, basert på TEK 17**

Vindauge og dører - TG3 på grunn av manglende brannsikkerheit (branndører).

Brannsikkerheit - TG3 for manglende brannsikkerheit. Gjeld mellom anna manglende ledelys og mangelfull branncelleoppdeling.

Andre aktuelle vedlikehalds-, rehabiliterings- og oppgraderingstiltak

Smittevernavdeling på sjukeheimen - I samband med koronapandemien har kommunen hatt utgifter på om lag 163 000 kroner til ombygging av ei avdeling på Samnangeheimen til smittevernavdeling. Tilskotsmidlane som kommunen no har fått kan brukast til å finansiera delar av desse utgiftene, men ikkje alle. Døme på utgifter som ikkje vil kunne finansierast av tilskotet er innkjøp av nye senger.

Vedlikehalds- og utbetringstiltak i kyrkjene - Samnanger sokn har meldt inn ønskje/behov for ulike investeringstiltak. I kommunestyremøtet 11.06.2020 var det oppe eiga sak om finansiering av investeringstiltak i kyrkjene (sak 036/20). Bakgrunnen for saka var at Samnanger sokn i brev datert 18.05.2020 bad om å få nytta lånemidlar i 2020 til desse tiltaka:

Nr	Tiltak	Sum (kroner)
1	Restfinansiering av straumforsyningsanlegg og el-tavle	100 000
2	Nytt lydanlegg på Ådland	120 000
3	Utskifting av lysarmatur til LED-lys på Haga	200 000
4	Ringjeanlegg på Ådland	160 000

Kommunestyret vedtok 11.06.2020 finansiering av punkt 1 og 2 i tabellen ovanfor. Det vart vidare vedteke at andre tiltak som kyrkja ønskjer, vert vurderte i september saman med andre kommunale investeringar.

Administrasjonen sitt forslag til prioritering og bruk av midlane

Rådmannen sluttar seg til einings for samfunnsutvikling/teknisk drift sitt forslag til bruk av tilskotsmidlane.

Utbetring av resterande TG3-punkt i rapportane frå Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. samt andre innmelde behov/tiltak, bør vurderast i samband med budsjettbehandlinga for 2021.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	Arkivkode: FA-M82
Arkivsaksnr: 20/131	Løpenr: 20/8025
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.09.2020	063/2020

Kjøp av branntankbil

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativet kjøp av ombygd mjølketankbil, og å komme attende med ei eiga saksutgreiing kva gjeld ulike alternativ, inkludert finansiering, så snart råd er.

Dokument som er vedlagt:

Notat frå rådmannen
Oppsummering tankbil - frå Samnanger brannvesen
E-post frå Vestland fylkeskommune
Kopi av saksframlegg og vedtak i formannskapet 03.09.2020

Kva saka gjeld:

Formannskapet handsama 03.09.2020 saka "*Branntankbil – Anbod og bestilling*". Endeleg vedtak i saka skal gjerast av kommunestyret. Formannskapet vedtok 03.09.2020 å utsetja saka, og bad om at administrasjonen til formannskapsmøtet 15.10.2020 legg fram ei grundigare saksutgreiing, med vurdering av eit alternativ med kjøp av brukt branntankbil.

På grunn av at Samnanger allereie er med i eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune og fire andre kommunar i Vest brann- region om felles innkjøpskonkurranse for branntankbil, er det behov for at kommunestyret gjer vedtak saka snarast mogleg. Dersom saka ikkje kjem opp i formannskapet før 15.10.2020 og i kommunestyret 28.10.2020, er det stor risiko for at Samnanger ikkje kan vera med på den felles innkjøpskonkurransen. Saka vert derfor lagt fram for kommunestyret 16.09.2020. Administrasjonen har til handsaminga i kommunestyret skrive ei ny og grundigare saksutgreiing. Rådmannen sitt framlegg til vedtak er også endra.

Føringar og fullmakt

Tidlegare Rådmann Charlotte Hageberg gav i e-post den 02.06.2020 Bergen brannvesen v/Roger Trefall fullmakt til å gå i bestilling av ny brannbil sommaren 2020: «Me hiv oss rundt og er med på innkjøpsamarbeidet for ny tankbil til Samnanger saman med Kvam, Tysnes, Ullensvang og mogleg Vaksdal. Me har satt av 3,5 mill i budsjett 2021, av dette tek me høgda for 1 million i støtte frå SVV

og VFK som kjem i 2022.

Bekreftar med dette at du kan representera Samnanger Kommune i dette arbeidet.

Fint om du held Kenth Opheim oppdatert på framdrift i dette arbeidet.»

Kommunestyret gav i budsjettvedtak heimel for å bestille ny branntankbil i 2020.

Oppstarta arbeid

Ut frå dette har Bergen brannvesen starta og teke på seg arbeidet med å utarbeide spesifikasjon for innkjøp av ny branntankbil for Samnanger, i tillegg til Kvam, Tysnes, Ullensvang og Vaksdal som og treng ny branntankbil. Dette er eit ledd i samarbeidet Vest brann og redning. Roger Trefall v/Bergen som brannvesen representerer Samnanger kommune skulle ha eit fellesmøte den 9. september for å utarbeide spesifikasjonen for anbodet. Bergen brannvesen jobbar og vidare med nye avtalar med fylkeskommunen om tilskot til tunnel beredskap for desse 5 kommunane. I tidlegare avtalar har det vore 50% tilskot av innkjøpet.

Konsekvensar ved å vente til kommunestyret den 28 oktober

Av omsyn til dei andre kommunane må Bergen brannvesen få ut anbodet snarast. Leveringstida på branntankbil er nærare 1 år, og kommunane må ha levert sine bilar til sommaren. Anbodsprosessen er allereie forseinka med 2 månader. Dersom avgjerd om innkjøpet vert utsett til oktober må Samnanger sjølv gjennomføre eige anbod på ny branntankbil. Dette vil igjen krevje at det vert sett av tid og ressursar til å administrere dette lokalt i administrasjonen.

Det hastar like mykje for Samnanger å få bestilt ny bil sjølv som om kommunen går inn for eige anbod. Kommunen har leigekontrakt med Bergen fram til sommaren 2021. Denne lånebilen er eigentleg utrangert og vert ikkje godkjent for vidare leige eller sal til Samnanger kommune. Vi må difor ha ein eigen branntankbil i vår brannberedskapen til disposisjon i løpet av sommaren 2021.

Ny branntankbil

Samnanger har ein aukande trafikk gjennom kommunen med fleire relativt lange tunnelar utan vassberedskap. Ein branntankbil av god stand til å møte denne typen ulukker betyr mykje for både mannskap og den framtidige beredskapen til kommunen. Det er difor ønskje frå brannvesenet å ha ein ny og sikker branntankbil av kurant merke med merkeverkstad i nærleiken. Det har gått mykje tid og ressursar til å reparera og køyre den gamle bilen til verkstad. Brannbilane skal ha testkøyring kvar veke og har eit strengt vedlikehald.

Brukt branntankbil

Kjøp av brukt branntankbil

Både vårt brannmannskap og Bergen brannvesen har dårlege erfaringar med denne typen brukte bilar og fråår kjøp av brukt branntankbil. Dette fordi det er svært få bilar på marknaden i Norge, og dei som finst er oftast av ein slik stand at dei krev relativt store årlege vedlikehaldskostnader. Førre branntankbil («Dansjen») var ein ombygd mjølkebil, importert frå Danmark. Denne måtte seinare tilpassast og byggast om ytterlegare til vårt behov. Dei 5 siste åra var det årleg vedlikehaldsutgifter på omlag 120.000 kroner. Brannvesenet vårt skal og kjenna seg trygg når dei må rykke ut og kunne stola på utstyret. Det er difor eit ønskje om ikkje kjøpa seg eit «nytt problem», men ha ei bilpark som ein veit vil halde god standard mange år framover.

Ombygd mjølketankbil

Ei rekkje kommunar i Noreg har gått til innkjøp av branntankbil som er ein mjølketankbil som er ombygd i Noreg. Under dette alternativet kan ein velje mellom brukte bilar som har gått kring 350-400 000 kilometer, og nye bilar (med ny eller brukt tank).

Prissjiktet her er frå 1 mnok for den billegaste, til 2,7 mnok for eit meir påkosta alternativ der både bil og tank er nye. Eit alternativ med ny bil og brukt tank, kostar kring 2 mnok. Dei dyraste alternativa

er påkosta med vannkanonar og skumanlegg, og ein kan stort sett velje kva utstyr ein vil ha med. Dei fleste alternativa har ein vanntak på 12-14 m³, som er noko meir enn alternativet Bergen brannvesen går for.

Om ein samanliknar det å kjøpe ein ny branntankbil med det å kjøpe ein ombygd mjølketankbil, så er fellesnemnaren at begge alternativa stettar krava me må oppfylle. Det er to forhold som skiljer dei to alternativa. Det eine er prisen. Det andre ligg i det at ein branntankbil er betre tilpassa dei oppgåvene som skal løysast, og dermed er å føretrekkje for dei som skal bruke den. Til dømes er det ein fordel at bilen er mindre, og dermed enklare å handtere. Vidare så er køyreeigenskapane truleg betre, slik at ein slik bil alt i alt tek seg betre fram, særleg der det er trangt og/eller bratt. Til slutt er det eit moment at bilen sin logistikk er betre tilpassa formålet, i tydinga plassering av bilen sitt utstyr og tilbehør. Det er òg truleg eit poeng at det å køyre ein tung bil for folk som ikkje ofte køyrer tunge køyretøy, kan opplevast som meir utrygt enn å køyre branntankbilen som er tenkt kjøpt saman med Bergen brannvesen.

Anbod og leveringstid

Ein ny branntankbil er oppgjeve å ha leveringstid på nærare eit år. Samnanger kommune låner for tida ein branntankbil frå Vest Brann og redning. Denne kan me låne fram til sommaren 2021. Det er uklart om det er mogeleg å låne ein annan bil i perioden fram til ein eventuell ny branntankbil vert levert.

Ein ombygd mjølketankbil kan leverast i løpet av vinteren/våren 2021, alt etter når den blir bestilt. Det må sannsynlegvis gjennomførast anbudsprosess for begge alternativa. Under alternativet ny branntankbil vil dette bli gjort felles med Bergen brannvesen, medan under alternativet ombygd mjølketankbil må Samnanger kommune gjennomføre anbudsprosessen på eiga hand.

Finansiering

Kombinasjon med naudvatn

Ein branntankbil kan ikkje erstatte eit reservevassanlegg. Eit reservevassanlegg er eit lovpålagt reinseanlegg (gjernar mobilt) som skal overta for vassverket om det går ut.

Branntankbil eller eigne tankar til naudvatn kan inngå som ein del av beredskapen ved å sette ut vasstank ved behov til innbyggjarane. Ved slik bruk vert det stilt strenge krav til reinsing av tankane før ein kan bruke bilen til naudvatn. Ved denne kombinasjonen kan den utgifta knytt til naudvatn verte finansiert over VA (vant og avlaup). Behov for naudvatn har ikkje kome fram i Risiko og sårbarheitsanalysen 2018.

Å delfinansiere branntankbilen over VA kan vere eit alternativ uansett kva løysing ein går for.

Finansiering frå fylkeskommunen

I det som har vore gjort i denne saka så langt, har det vore lag til grunn at me vil få 1 mnok i tilskot til kjøp av ny bil, frå Fylkeskommunen. Denne føresetnaden framstår som svært usikker. Det er rett nok slik at i det i dei gamle avtalane låg inne delfinansiering. Men desse er ikkje fornya og det er høgst usikkert korleis dette vil bli no når alt er omorganisert. Sjå vedlagde korrespondanse mellom kommunen og fylkeskommunen om dette.

Vurdering

Dersom ein vel å kjøpe bilen som Bergen brannvesen legg opp til å kjøpe, må ein ta høgde for ein totalkostnad på mnok 3,5. Om ein går vidare med alternativet ombygd mjølketankbil, kan ein velje mellom brukte alternativ med lite utstyr, fullt utstyrte brukte alternativ, og kombinasjonar, og såleis òg velje storleiken på investeringa.

Ettersom delfinansiering frå fylkeskommunen framstår som usikker, vil det kunne verte stor skilnad på totalprisen ved dei to hovudalternativa ny branntankbil og ombygd mjølketankbil. Gitt den økonomiske situasjonen kommunen er i, vert tilrådinga å gå vidare med alternativet kjøp av ombygd mjølketankbil, og at kommunestyret ber administrasjonen om å komme attende med ei saksutgreiing på dei ulike alternativa for ombygd mjølketankbil, inkludert finansiering, så snart råd er. Dette alternativet vil òg løyse utfordringa kring at kommunen står utan branntankbil frå juni 2021.